
Saksnr: 2020/45345-42
Saksbehandlar: Marianne Bugge

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.09.2021

Fråsegn til kommunedelplan for sjøareal - 2021-2031 - Stad kommune

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet ser det som positivt og viktig for planlegginga i kommunen at Stad får ein kommunedelplan for sjøareala, og på den måten får eit heilskapleg grep om utviklinga i desse områda.
2. Det bør setjast vilkår for unntak av krav om reguleringsplan til moloanlegg, på same måte som det er gjort for småbåtanlegg i føresegnene til planen. Dette for å unngå uønska og ikkje føreseieleg utvikling i strandsona.
3. Miljøsmål for vasskvalitet bør sikrast betre i føresegnene, ev. ved bruk av omsynssoner med tilhøyrande retningslinjer og føresegner.
4. Akvakultur: Føresegn 5.1 d om førtøyingar bør omformulerast slik at det vert tydeleg kva planen vil ivareta. I føresegn 5.6 bør fiskeforbodssona ikkje innlemmast i akvakulturområdet. Det kan heller leggest på ei omsynssone rundt, utanfor akvakulturområdet, med føringar for fiskeforbod og føresegner som ivaretek andre omsyn i strandsona.

Samandrag

Stad kommune har utarbeida utkast til kommunedelplan for sjøareala, som no er på andre gongs høyring. Omfanget av tiltak som vert føreslege i utkastet er mykje redusert frå første utkast. I første utkast til plan vart det vurdert 42 forslag til tiltak, no er talet nær halvert til 26 forslag til tiltak. Av 26 vurderte tiltak er 19 tilrådd i konsekvensutgreiinga, av desse er det 8 akvakulturområde hovudsakleg i Nordfjorden. Planutkastet er no meir i samsvar med tilrådingar frå ulike mynde i arbeidsmøte og skriftlege tilbakemeldingar. Konsekvensutgreiinga med tilråding for dei ulike tiltaka vert i stor grad følgt opp i planutkast med føresegner, i form av tiltak som vert inkludert, tiltak som går ut, krav til detaljregulering, avbøtande tiltak og vidare utgreiingar av ulike tema som konsekvensutgreiinga (KU) peikar på. Kulturarv har administrativ motsegn til omfanget/avgrensinga av eit av tiltaksområda.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Paal Fosdal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:

- Oversendingsbrev; 2. gong høyring av kommunedelplan for sjøareal i Stad kommune, inkludert lenke til: plankart, planføresegner, planomtale, konsekvensutgreiing, m.v., datert 16.06.21
- Adm. fråsegn til 1. høyringsutkast til plan, datert 15.04.21

- Administrative vurderingar frå Kulturarv

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Stad kommune har utarbeida utkast til kommunedelplan for sjøområda i Stad. Planutkastet er no på andre gongs høyring. Då første utkast til plan var utarbeida vart det halde arbeidsmøte med kommunen, der fleire statsetatar deltok i tillegg til fylkeskommunen. Det vart sendt ei administrativ fråsegn frå fylkeskommunen, datert 15.04.21 i etterkant av arbeidsmøtet. Denne fråsegna ligg vedlagt saka. I arbeidsmøtet vart det avgjort at utkastet skulle arbeidast vidare med, derfor var ikkje det første planutkastet oppe til politisk handsaming. Utkastet til plan som no ligg føre, er vesentleg redusert i tal føreslegne tiltak. Frå 42 tiltak som vart vurdert i første utkast, til 26 som er vurdert i dette planutkastet.

Vedtakskompetanse

Etter Reglement for folkevalde organ og delegering punkt 41 om plan- og bygningslova, er det fylkesutvalet som har mynde til å uttale seg om kommunedelplanar for arealbruk.

Vurderingar og verknader

Fylkeskommunen vurderer kommuneplanen ut i frå vårt sektoransvar, regionale planar og målsettingar i kommunale planar. I tillegg kjem vår fråsegn til oppstartmelding i brev av 12.05.2020 og administrativ fråsegn til første gongs høyring, datert 15.04.2021. Det har vore arbeidsmøte med kommunen som fylkeskommunen har delteke på saman med andre offentlege einingar, det siste den 25.03.2021. Utviklingsplan for Vestland har sett fire hovudmål.

1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.
2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling.
3. Lokalsamfunn som ramme for kvardagsliv i heile Vestland.
4. Like moglegheiter til å delta i verdiskaping.

Planframlegget er mest relevant i høve mål 1, 2 og 3 og då særleg strategiane: 1.2 Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap. 1.3 Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon. 2.1 Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030. 2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar. 3.1 Vestland skal utvikle menneskevennlige og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

Krav om detaljregulering

I vår administrative fråsegn, datert 15.04.21, hadde vi merknad til utkast til føresegnar, der det var lagt opp til at det ikkje var krav om reguleringsplan i samband med etablering av mindre moloar og for småbåtanlegg med inntil ti båtplassar. Vi kommenterte i vår fråsegn at dette må vere søknadspliktige tiltak som m.a. fylkeskommunen får på høyring. Vi registrerer at føresegna pkt 5.7.1 er endra noko: «*Etablering av småbåtanlegg med inntil 10 båtplassar krev ikkje reguleringsplan, dersom følgjande føresetnader er tilstade:*

1. området har parkering ved anlegget eller i nærområdet med eigna gangtilkomst
2. tiltaket får ikkje vesentlege konsekvensar for miljø eller samfunn

Det skal leggjast vekt på harmonisk utsjånad og naturlege overgangar mellom tilgrensande eigedomar.... Tiltaket er søknadspliktig etter hamne- og farvannslova og etter plan og bygningslova.»

Vi føreset at nemnde føresetnader skal vere oppfylt, og vert vektlagt tungt i søknadshandsaming etter plan- og bygningslova.

Når det gjeld moloar er det etter det vi kan sjå ikkje endringar i føresegnene frå første utkast til utkastet vi no handsamar. I føresegnene pkt. 5.7.2. står det at: «*Etablering av mindre moloar som skal tene til sikring mot sjø krev ikkje reguleringsplan. Storleiken på moloen skal ikkje vere større enn det som er naudsynt for å sikre eigedomen mot vind, bølgepåverknad, stormflo og liknande. (jf. PBL 11-10 nr. 1 og 2).* Fylkeskommunen meiner det her ligg ei stor grad av skjønn, noko som kan gi utilsikta og uføreseieleg utbygging av moloar i strandsona. PBL §11-10, nr. 1 seier: «at


mindre utbyggingstiltak ikke krever ytterligere plan dersom det er gitt bestemmelser om utbyggingsvolum og uteareal, og forholdet til transportnett og annet lovverk er ivarett. Det bør setjast vilkår for unntak av krav om reguleringsplan, på same måten som det er gjort for småbåtanlegg.

Det er vidare krav til detaljregulering for fleire av tiltaksområda som er foreslått, med utgangspunkt i vurderingar frå konsekvensutgreiinga om behov for meir utgreiing av ulike tema.

Konsekvensutgreiing

Ved høyring av første utkast til plan vart det vurdert 42 forslag til tiltak, av desse 25 oppdrettslokalitetar. Av dei 26 tiltaka som er konsekvensutgreidd i andre utkast til plan er 19 tilrådd og 7 vert frårådd. Nokre av areala er noko endra frå første planutkast i samsvar med konsekvensutgreiinga, og merknader til første utkast. 12 oppdrettslokalitetar er vurdert, og av desse ligg 6 lokalitetar inne i gjeldande arealplanar. Tre akvakulturlokalitetar vert frårådd i KU: Ervikskorane, Brevika og Torvneset. Desse er òg trekt ut av planforslaget.,

Det er 7 lokalitetar med løyve til ulike typar akvakulturproduksjon i kommunen i dag. Til saman er det lagt inn 18 forslag til ulike typar akvakulturareal i planforslaget som no ligg føre.



Oversiktskart, område som er KU-vurdert.

Nordfjorden

Nordfjorden er ein trong fjord med lite fjordareal, og dermed kan det fort bli eit stort smittepress av lus ved auka biomasse. Mattilsynet har konkludert med at fiskehelsa i Nordfjorden er slik at det ikkje gjev grunnlag for å tildele meir lokalitetsmasse med tradisjonell merdeteknologi. Dette er ein dynamisk situasjon, som kan endra seg over tid. Frå før av er det 8 lokalitetar i fjorden. Det er opna for 6 nye lokalitetar i Nordfjorden, derav 4 for skjel og vasslevande artar, anlegg som er mindre konfliktylt for miljøet generelt. To område er opna for alle typar oppdrett. Anlegga er spreidd over forholdsvis god avstand, og gir liten negativ landskapskonsekvens i følgje KU.

Mattilsynet og Havforskningsintitutet har vurdert tilstanden i Nordfjord for 2019, og konkludert med at området har mykje rømt oppdrettslaks. Stor genetisk endring er påvist i om lag halvparten av den ville laksebestanden, tilstanden er derfor vurdert å vere dårleg. Robustheit mot innkryssing er vurdert som dårleg. I 2020 er hovudkonklusjonen at utslepp av lakselus i perioden 2012-2019 har vore stabilt høg, og er det også i 2020. Smittepresset for anadrome laksefisk er vurdert som høgt, og risiko for død av utvandra laks i området er vurdert som høg.

Fiskeridirektoratet vest har sett i gang arbeid med å sjå på moglegheit for endring av struktur på oppdrettsanlegga i Nordfjorden. Arbeidet er i samarbeid med aktuelle fagetatar og næringa sjølv, og skal sjå på om situasjonen med lakselus og andre sjukdomar kan betrast gjennom ein ny lokalitetsstruktur. Havforskningsinstituttet er engasjert for å analysere kva verknader ulike moglege anleggsstrukturar kan ha på luse- og sjukdomssituasjonen.

Føremål akvakultur; kva art eller artsgrupper som er lov å produsere på dei ulike akvakulturareala

I administrativ fråsegn frå fylkeskommunen til 1. planutkast kommenterte vi at det ikkje var fastsett i føresegnene kva art som kan oppdrettast på dei enkelte einbruk A-områda. Arealplanen er det eine verktøyet til kommunen der ein kan sjå arealbruken i heile kommunen under eitt, inkludert fjordområda som økologiske funksjonsområde og samtidig med at ein har ein brei medverknad.

Det er i planutkastet no sett krav til art på alle akvakulturareala.

Vassmiljø

I planomtalen står det at i følge rapport Nordfjord vassområde har kystvatnet god økologisk tilstand. Den kjemiske tilstanden er vurdert som dårleg i områda Moldefjorden, Sildegapet/Selje, Eidsfjorden og Nordfjordeid/Eid.

I følge vann-nett.no er vassførekomstar som ikkje når miljømåla: Moldefjorden med dårleg økologisk tilstand, Eidsfjorden med moderat økologisk tilstand og Nordfjordeid med moderat økologisk potensial. Potensial vert brukt på sterkt modifiserte vassførekomstar, mellom anna Nordfjordeid der hamneanlegg utgjør fysiske inngrep. Desse tre vassførekomstane ligg i Vestland vassregion. Nordaustsida av Stadlandet med tilgrensande kystområde ligg i Møre og Romsdal vassregion. To av kystvassførekomstane der når ikkje miljømåla for økologisk tilstand: Vanylvsfjorden med moderat økologisk tilstand og Kjøddepollen med moderat økologisk tilstand.

Miljømål for kjemisk tilstand er omtalt i tidlegare administrativt innspel. I nemnde fråsegn ga vi og tilbakemelding om at arbeidet med å nå miljømåla for vassførekomstane bør forankrast i planen ved å definere anten generelle føresegnar og retningslinjer og/eller omsynssoner med tilhøyrande føresegnar og retningslinjer i område der bygging eller anna ny aktivitet kan påverke tilstanden i elv, bekk, innsjø eller kystvatn. I føresegnene punkt 1.6.2. Miljøkvalitet og natur, står det at: «*All aktivitet innafor planområdet må følge krav som gjeld luftkvalitet (T-1520/2012), støygrenser (T-1442/2016), vasskvalitet og miljømål jf. Vassforskrifta, og omsyn til villaksen som følger av kvalitetsnorma for villaks og § 7 i lakse- og innlandsfisklova.*» Vi meiner miljømål for vasskvalitet bør sikrast betre i føresegnene, ev. ved bruk av omsynssoner med tilhøyrande retningslinjer og føresegnar.

Idrett og friluftsliv

Dei generelle betraktningane som vi kom med i administrativ fråsegn til 1. gongs høyring er framleis gjeldande. Det er imidlertid positivt at områda for næring og akvakultur, som i KU ikkje vart tilrådd vidareført i planen pga. store konsekvensar for m.a. landskapskvalitetar og friluftsliv, no ser ut til å vere tatt ut frå planen.

Til 1. gongs høyring nemnte vi spesifikt nokre akvakulturanlegg som låg i nærleiken til viktige friluftsområde, dette var anlegga rundt Barmøya og anlegg som låg i nærleiken av dei kartlagde friluftsområda ved Bryggja, Krokepollen og Søholmen i Nordfjord. Anlegga som var vist ved dei nemnte områda i Nordfjord er no tatt ut av planen, medan det rundt Barmøya no berre er føreslege ein ny lokalitet for akvakultur i Loksvika. I kor stor grad eit akvakulturanlegg på denne lokaliteten vil påverke friluftskvalitetane som er på Barmøya er vanskeleg å vurdere. Truleg vil landskapsopplevinga og friluftsiinteressene knytt til Loksvika, isolert sett, kunne verte negativt påverka, medan konsekvensane for Barmøya totalt sett vil vere mindre.

Områda som er lagt ut til næringsføremål ser ikkje ut til å kome i direkte konflikt med kartlagde, viktige friluftsområde. Generelt sett vil auka utbygging og inngrep i strandsona føre til at dei tilgjengelege areala for opphald og ferdsel blir mindre.

Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal takast vare på i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og som synlege element i omgjevningane, skal desse ressursane gje varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar sin kunnskap og oppleving av kulturarven. Avdelingsdirektøren for kultur, idrett og inkludering har eitt administrativt motsegnspunkt:

Avdelingsdelingsdirektøren for kultur, idrett og inkludering fremjar motsegn til følgjande tiltak i planen som ikkje er av prinsipiell karakter, og som har vesentleg negativ verknad for nasjonale kulturminneverdiar:

Det er knytt motsegn til tiltak BN 23, utviding av eksisterande næringsareal mot aust. Det blei ved første gongs høyring informert om motsegn mot utviding av næringsarealet mot aust, dersom planen ikkje blei endra ved andre gongs høyring. Motsegna er grunna i at tiltaket vil føre til utilbørleg skjemming av samlinga med automatisk freda kulturminne aust for eksisterande næringsareal, og det vil vere brot på § 3 i lov om kulturminne. Motsegna vert trekt dersom planen blir endra slik som det er vist i saksframlegget og endringa er med i planframlegget ved endeleg godkjenning.

Fylkeskommunen har ikkje merknad til føreslege utviding av næringsarealet mot vest.

Avdelingsdirektøren for kultur, idrett og inkludering har også særskilte merknader til planframlegget. Dei ligg i vedlegg kalla «Administrative vurderingar frå kulturarv».

Akvakultur

Fylkeskommunen har ansvar for handsaming av søknader etter akvakulturlova; lokalitetsklarering og tildeling av løyver for andre artar enn laks og aure. Løyve etter akvakulturlova kan ikkje gis om det er i strid med arealplan. Sjølv om søknad er i tråd med arealplan må søknad om akvakultur leggast ut til offentleg ettersyn, og arealbruken vurderast etter plan- og bygningslova av kommunen. I vidare sakshandsaming vert det vurdert påverknader på miljø, fiskehelse- og velferd for oppdrettsfisk og påverknader på villfisk, ferdsel, fiskeriinteresser og ferskvass-ressursar. Ein søknad om akvakulturverksemd treng positive løyve etter forureiningslova, matlova og hamne- og farvasslova samt vassressurslova, der det er bruk av ferskvatn, før løyve etter akvakulturlova kan gis.

Det er nasjonale forventningar til at det vert sett av areal til berekraftig vekst av akvakulturnæringa gjennom oppdaterte planar, som også ivaretek miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Fylkeskommunen har ansvaret for å fremje motsegn på vegne av havbruksinteressene, og ser det som særleg viktig at kommunen gjennom arealplanlegging legg til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling av akvakulturnæringa.

Vi registrerer at det er gjort endringar i føresegnene i høve til 1. gongs høyring

«5.1. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner (§ 11-7 nr. 6)

d) Fortøyningar for akvakultur kan tillatast i vass-søyla dersom desse ligger djupare enn kote minus 25 meter, og ikkje går inn i einkategori arealføremål merka natur eller fiske eller i kombinert føremål fiske og ferdsel. Dette gjeld fortøyningar frå akvakulturanlegg i nabokommunane òg.»

I denne føresegna er kote minus (vassoverflata) endra frå 20 meter til 25 meter. Vi kan ikkje sjå kva som er grunnen til det. I utgangspunktet er dette ei føresegn av teknisk art som kunne vore formulert meir i forhold til kva ein ønskjer å ivareta. Om det er ferdsel, kunne føresegna slått fast at båtar og fartøy skal kunne passere innfor ein avstand på 20 meter frå anlegget, og at fortøyningane ikkje skal vere til hinder for dette.

«5.6. Akvakultur og kombinert føremål

For alle akvakulturføremål og kombinerte akvakulturføremål skal det vere minimalt til ingen utslipp av organiske partiklar til resipienten. For eksisterande anlegg gjeld dette berre ved vesentleg endring av anlegg (PBL § 11-9, nr.6).

Heile anlegget, med fôrflåte, inkludert ferdsel- og fiskeforbodssona rundt oppdrettsanlegget skal ligge innanfor akvakulturformålet, jf. § 11-11 nr. 3.»

Første avsnitt i føresegna regulerer utslipp i ein driftsfase av akvakulturanlegg. Vi vil vise til at Kommunal- og moderniseringsdepartementet har slått fast at detaljerte miljøkonsekvensar for naturmangfald og vassmiljø må gjerast i handsaming av søknader om akvakultur. Ei overordna føresegn kan formulerast som at det ved etablering av akvakultur skal takast miljøomsyn.

Kommuneplanen skal avklare arealdisponeringa i sjøen. Miljøkonsekvensar av akvakultur vert elles handsama i arbeidet med lokalitetsgodkjenningar etter akvakulturlova. Her er relevante myndigheiter involvert, og tildeling vert vurdert ut frå planlagt drift, biomasse og antatt risiko for naturmiljøet. I tildelinga kan det settast vilkår slik at miljøbelastninga blir minst mogeleg. Kommuneplanen skal stå seg over fleire år, og det er sær sannsynleg at det vil skje ei teknologiutvikling i næringa som endrar premissane for dei vurderingane som vert gjort i dag. Teknologiutviklinga kan kunne føre til andre arealbehov og endra/minimert miljøbelastning i høve dagens situasjon.

Innanfor akvakulturforvaltninga er det etablert eit omfattande system innfor både tildeling og tilsyn som skal ivareta dei omsyn som kommunen særskilt er oppteken av.

I andre avsnitt er fiskeforbodssona på 100 meter inkludert i akvakulturområdet. Dette vil innskrenke den reelle bruken av området, og gjere det vanskeleg å kunne etablere anlegg. Vi vil minne om dei Nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging frå 2019. Der regjeringa forventar at kommunane set av tilstrekkeleg areal til ønska vekst i oppdretts- og havbruksnæringa gjennom oppdaterte planar, som og sikrar miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Kommunane skal gjennom arealplanlegginga legge grunnlaget for ei berekraftig og

langsiktig forvaltning av sjøareala, og skape ein god balanse mellom bruk og vern. Kommunane skal og gjennom planlegginga samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver i sjøområda, og skape grunnlag for ei positiv samfunnsutvikling.

Tilstrekkelege og store nok akvakulturområde i kommuneplanane er naudsynt for å kunne utvikle produksjonsformer som gir betre fiskehelse og kan løyse andre utfordringar. Det kan vere trong for omstrukturering, samlokalisering, endring av anlegg eller bruk av ny teknologi. Kommunale arealplanar er viktig for å peike ut område som er eigna til akvakultur, både i høve til næringsas behov og krav som følgjer av ulike sektorlovverk.

Konklusjon

Føresegn 5.1 d om fortøyningar bør formulerast slik at det vert tydeleg kva planen vil ivareta.

I føresegn 5.6 må fiskeforbodssona ikkje innlemmast i akvakulturområdet. Om det er ønskeleg å syne denne sona kan det heller leggjast på ei omsynssone utafor akvakulturområdet. Vi registrerer at fleire av akvakulturområda er trekt 100 m frå land i høve 1.utkast til plan, der dei gikk heilt inn til land. Dette er positivt, og i tråd med tilbakemeldingar. Dersom fiskeforbodssona vert lagt som omsynssone utanfor akvakulturområdet, kan ein leggje føringar for omsynssona i tråd med dette og som ivaretek andre omsyn i strandsona.

Vi vil rå kommunen til å formulere føresegna 5.6. Akvakultur og kombinert føremål 1. avsnitt til eit meir overordna miljømål.

Mineralressursar

I planarbeidet er det sett på areal for samfunnsnyttig bruk av overskotsmassane frå Stad skipstunnel. Alternativet er å deponere massane med lekter i Moldefjorden, som det er opna for i reguleringsplanen for skipstunnelen (2017). I reguleringsplanen er overskotsmassane berekna å utgjere heile 3,5 mill. m³ faste massar, tilsvarande ca 6,3 mill. m³ «anbrakte» massar. I dei nasjonale forventningane til regional og lokal planlegging 2019-2023, er det sett som viktig å søkje å attvinne mineralske massar av god kvalitet som byggjeråstoff der det er mogeleg. Det er hovudsakleg granittisk gneis langs tunneltraseen, eit godt utgangspunkt for vidareforedling til byggjeråstoff eller bruk som fyllmasse.

I følgje planomtalen i planframlegget, har det vore arbeid med ulike konsept for best mogeleg bruk av overskotsmassane, men at ein kjem nærare inn på dette i eigne saker. Det er blant anna søkt å leggje til rette for mellombels lagring av massar i Kjøde, i ein ressursbank, men det vil kanskje ikkje vere plass til så store volum der. Dersom det ikkje lukkast å finne god samfunnsnyttig bruk av alle massane lokalt, har liknande, store infrastrukturprosjekt ved sjø vist at utlysing av massane for sal kan gje resultat.

Til planprogrammet hadde fylkeskommunen også innspel som gjekk på mogelege, kommersielle uttak av skjelsand frå sjøbotnen. I planframlegget er det ført opp at uttaksområde for skjelsand er eit vurderingstema under marine ressursar, som tiltak skal vurderast opp mot.

Veg og infrastruktur

Fylkeskommunen er opptatt av at det vert lagt til rette for trygge og gode løysingar for mjuke trafikantar og køyretøy langs fylkesvegane. Ved etablering eller utviding av tiltak/anlegg langs sjøen er det viktig å sikre tilrettelegging for mjuke trafikantar, trygge tilkomst med gode siktilhøve, gode løysingar og tilstrekkeleg areal for snuareal, parkering og kollektivtransport, og stoppestadar og parkering for turbussar.

Nokre av dei føreslegne områda ligg ved fylkesvegar. Dersom desse vert vedtekne er det viktig at tilkomsten frå fylkesvegen vert sikra. Om nye område skal ha tilkomst frå land, må tilfredsstillande tilkomst frå fylkesvegen sikrast. Dersom det vert lagt opp til auka aktivitet i eit område vil dette krevje vurdering av avkøyrsele og tilkomst, og ev. utbetring.

Ved noko større tiltak ved/knytt til fylkesveg må det utarbeidast detaljreguleringsplanar. Aktiviteten må ikkje gå ut over fylkesvegen som går gjennom området. Det bør vere dialog med Vestland fylkeskommune i samband med utarbeiding av detaljreguleringsplanane, og avklaring av m.a. krav til utfylling og utbetring av veg.

Handbok N100 er gjeldande for all offentleg veg, og eventuelle fråvik frå N100 skal vere godkjend av vegeigar før detaljreguleringsplan vert lagt ut på offentleg ettersyn og høyring. Dette bør forankrast i føresegnene.

Byggegrense langs fylkesveg er 50 m, jf. veglova § 29 og «Rammeplan for avkøyrsløse og byggegrense 2021 - 2024» for Vestland fylkeskommune. I føresegnene punkt 1.7.1 er byggegrensa sett til 30 m frå fylkesveg og 15 m frå kommunal veg, dersom anna ikkje er fastsett i reguleringsplanar. Vestland fylkeskommune gjer merksam på at når byggegrensa i kommunedelplanen er mindre enn etter veglova vil alle søknadar om dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesveg måtte handsamast av kommunen. Dispensasjonssøknadane må sendast til Vestland fylkeskommune og andre offentlege etatar på høyringsrunde før vedtak. Vestland fylkeskommune tilrår ta vekk punktet om byggegrense langs fylkesveg slik at søknadar om dispensasjon frå byggegrense langs fylkesveg kan behandlast etter veglova for heile området.

Økonomi

Ingen direkte verknader for fylkeskommunen.

Klima

Konsekvensutgreiinga vurderer dei ulike arealtiltaka i planen opp mot kor stort utslepp av klimagassar dei vil kunne utgjere. Det inkluderer vurdering av kva verknad ønska tiltak vil ha for transportbehov i området (nærleik til tenester), flytting av transport frå veg til sjø og energibruk. Ei slik vurdering gjer det lettare å ta betre val, og gjer at arealbruken i minst mogleg grad er med på å auke klimagassutsleppa frå transport og utbygging.

Folkehelse

Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge er tema det har vore vurdering av tiltaka opp mot i konsekvensutgreiinga. Det har ved nokre høve vorte avdekt at tiltaket vil ha delvis negativ eller negativ konsekvens for desse temaa, men dette har det i hovudsak vorte tatt omsyn til i planutkastet.

Regional planstrategi (Utviklingsplan for Vestland)

Utviklingsplanen er relevant for arealbruken i kommunen, både i høve lokalsamfunn, næring og verdiskaping, klima og miljø, kulturverdiar og folkehelse. Gjennom konsekvensutgreiing og vurderingar med bakgrunn i det, søker kommunedelplanen å balansere omsyna. Både leggje til rette for næring og vekst i levande lokalsamfunn samstundes som miljø og klima skal ivaretakast.